**Møte tirsdag den 9. desember kl. 14.25**

President: Å g o t V a l l e

D a g s o r d e n (nr. 12):

1. Innstilling fra kirke-, utdannings- og forskningskomiteen om lov om endringar i lov 13. juni 1969 nr. 25 om trudomssamfunn og ymist anna og lov 12. juni 1981 nr. 64 om tilskott til livssynssamfunn
(Innst. O. nr. 24 (2003-2004), jf. Ot.prp. nr. 9 (2003-2004))
2. Innstilling frå kommunalkomiteen om lov om endringer i lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd, lov 6. mai 1988 nr. 22 om lønnsplikt under permittering og lov 4. februar 1977 nr. 4 om arbeidervern og arbeidsmiljø mv.
(Innst. O. nr. 34 (2003-2004), jf. Ot.prp. nr. 12 (2003-2004))
3. Innstilling fra kommunalkomiteen om lov om endringer i lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (ytelser under yrkesrettet attføring mv.)
(Innst. O. nr. 33 (2003-2004), jf. Ot.prp. nr. 13 (2003-2004))
4. Referat

S t a t s r å d V a l g e r d S v a r s t a d H a u g l a n d overbrakte 2 kgl. proposisjoner (se under Referat).

*Valg av settepresident*

**Presidenten:** Presidenten vil foreslå at det velges en settepresident for Odelstingets møter i inneværende uke samt mandag 15. desember – og anser det som vedtatt.

Presidenten ber om forslag på settepresident.

**Karin Andersen (SV):** Jeg foreslår Heidi Grande Røys.

**Presidenten:** Heidi Grande Røys er foreslått som settepresident. – Andre forslag foreligger ikke, og Heidi Grande Røys anses enstemmig valgt som settepresident for Odelstingets møter i inneværende uke samt mandag 15. desember.

S a k n r . 1

*Innstilling fra kirke-, utdannings- og forskningskomiteen om lov om endringar i lov 13. juni 1969 nr. 25 om trudomssamfunn og ymist anna og lov 12. juni 1981 nr. 64 om tilskott til livssynssamfunn* (Innst. O. nr. 24 (2003-2004), jf. Ot.prp. nr. 9 (2003-2004))

**Presidenten:** Ingen har bedt om ordet.

(Votering, se side 197)

S a k n r . 2

*Innstilling frå kommunalkomiteen om lov om endringer i lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd, lov 6. mai 1988 nr. 22 om lønnsplikt under permittering og lov 4. februar 1977 nr. 4 om arbeidervern og arbeidsmiljø mv.* (Innst. O. nr. 34 (2003-2004), jf. Ot.prp. nr. 12 (2003-2004))

**Presidenten:** Etter ønske fra kommunalkomiteen vil presidenten foreslå at taletiden blir begrenset til 5 minutter til hver gruppe og 5 minutter til statsråden.

Videre vil presidenten foreslå at det blir gitt anledning til replikkordskifte på inntil fem replikker med svar etter innlegg fra medlemmer av Regjeringen innenfor den fordelte taletid.

Videre vil presidenten foreslå at de som måtte tegne seg på talerlisten utover den fordelte taletid, får en taletid på inntil 3 minutter.

– Det anses vedtatt.

**Sigvald Oppebøen Hansen (A)** (ordførar for saka): Situasjonen på arbeidsmarknaden er framleis svært bekymringsfull. Det har rett nok vore ein nedgang i talet på heilt ledige den siste månaden. Det er gledeleg. Men framleis er det svært mange som står heilt utan arbeid.

Hovudmålet for Arbeidarpartiets økonomiske politikk er å sikre arbeid til alle. Me vil føre ein politikk for å sikre at folk har arbeid, men også at dei som mister arbeidet, skal ha noko å leve av når dei blir arbeidsledige.

Arbeidarpartiet er imot forslag som gjer at næringslivet mister konkurransekraft og kompetanse. Gjennom dei framlegga frå Regjeringa som ligg i denne proposisjonen, meiner me at situasjonen blir verre for dei som har mist arbeidet, for dei som står i fare for å miste arbeidet, og for arbeidsgjevarane. Sjeldan har me vel sett noko framlegg som til dei grader har gjeve opphavet til krig på alle frontar.

Regjeringa foreslår i sitt framlegg å endre permitteringslova, slik at arbeidsgjevarar som ønskjer å permittere ein tilsett, må betale vedkomande løn i 30 dagar før den permitterte får trygd. I dag er denne perioden tre dagar.

Frå heile landet har me fått signal frå bekymra arbeidsgjevarar og arbeidstakarar om at dette vil gje fleire oppseiingar og kompetansetapping, og at det fører til svekte konkurransevilkår. Det synest underleg at Regjeringa, i ei tid med så vidt store utfordringar i arbeidsmarknaden, vel å take eit slikt grep. Det er lite fornuft i å velte store kostnader over på næringslivet i ei tid da mange bedrifter slit i motgang.

Regelverket for permitteringar har blitt endra mange gonger som følgje av variasjonar i arbeidsmarknaden. Eg har registrert at Arbeidarpartiet har blitt kritisert for at me i 2001 gjekk inn for å endre regelverket. I 2001 var arbeidsløysa låg, og då var det rett å redusere permitteringsperioden til 26 veker. Ingen kunne den gongen sjå for seg at det skulle bli 60 til 70 nye ledige kvar arbeidsdag under ei ny regjering. Me sa samtidig at ein måtte sjå fortløpande på situasjonen i arbeidsmarknaden. Situasjonen no er fundamentalt annleis. Derfor meinte Arbeidarpartiet og fleirtalet på Stortinget i vår at det var rett å gje høve til eit meir fleksibelt regelverk.

Me er av den oppfatning at det i ein periode med høg arbeidsløyse er meir sannsynleg at dei permitterte blir arbeidsledige, enn at dei får anna arbeid når permitteringstida er slutt. I ein slik situasjon bør ein tillate ein lengre permitteringsperiode, og ein må sørgje for at personar med verdifull kompetanse framleis har ei tilknyting til bedrifta.

Arbeidarpartiet er glad for at me gjennom budsjettforliket med Regjeringa fekk redusert arbeidsgjevarperioden ned til ti dagar, og at det framleis blir 42 vekers permitteringstid. Me meiner ikkje dette er godt nok, men det var det beste me kunne få til ved dette høvet.

Det som har vore ein av haustens mest betente saker, er utan tvil spørsmålet om mellombelse tilsetjingar. Regjeringa har måtta tåle mykje fortent kritikk for forslaget. Ho sluttar aldri å forundre meg, den evna Regjeringa har til å leggje seg ut i konflikt med alt og alle i arbeidsmarknadspolitikken.

Hovudargumentet frå Regjeringa er at fleire mellombelse tilsetjingar skal gje fleire personar arbeid. I lovforslaget er det likevel ikkje vist til materiale eller undersøkingar som skulle underbyggje dette.

Det er derfor ingen grunn til å tru at fleire mellombelse tilsetjingar vil gje lågare arbeidsløyse. Fleire mellombelse tilsette vil skape større uvisse hos ei stor mengd arbeidstakarar og familiane deira. Det ønskjer ikkje Arbeidarpartiet.

Arbeidslivslovutvalet er i ferd med å sluttføre sitt arbeid. No går det altså mot at forslaget blir sendt tilbake til Regjeringa, for å bli behandla av Arbeidslivslovutvalet. Det er det einaste fornuftige. For Arbeidarpartiet var det eit krav – for at me i det heile skulle setje oss til forhandlingsbordet – at forslaget skulle sendast tilbake.

Regjeringa foreslo store kutt i dagpengeordninga i statsbudsjettet for 2003, og fekk fleirtal for dette saman med Framstegspartiet. Som ei følgje av dette blei ytingane stramma kraftig inn. I tillegg har langt færre no krav på dagpengar.

For oss i Arbeidarpartiet er det viktig at arbeidsløysa ikkje skapar unødvendig store økonomiske problem for dei som blir råka. I vårt alternative statsbudsjett gjekk me derfor inn for å reversere alle dei usosiale kutta. Den endringa av regelverket som me diskuterer her i dag, er ei ytterlegare innstramming av dagpengeordninga som er uakseptabel. Arbeidarpartiet går derfor imot den foreslåtte endringa.

Heilt til slutt vil eg berre rette opp innstillinga under Tilråding frå komiteen, B II § 3 (1) a), der det står«10 arbeidsdager ved hel permittering». Det skal stå «10 arbeidsdager ved hel permittering og ved minst 40 pst. reduksjon av arbeidstiden».

**Presidenten:** Rettelsen som saksordføreren kom med, er notert og vil bli tatt hensyn til ved voteringen.

**Kari Lise Holmberg (H):** Forandringer har en tendens til å skape støy. Når Regjeringen i denne proposisjonen legger fram forslag om å utvide adgangen til midlertidige ansettelser samtidig som man foreslår å utvide bedriftenes lønnsplikt under permittering fra tre dager til 30 dager, er et høyt støynivå ingen overraskelse. Det motsatte ville vært bemerkelsesverdig. Men nå er stormen stilnet.

Årets budsjettforlik med Arbeiderpartiet har fått konsekvenser for denne proposisjonen. Bedriftenes lønnsplikt utvides nå fra tre til ti dager, og det blir også en forlengelse av midlertidig utvidelse av permitteringsordningen på 42 uker fram til 1. juli 2004. Forslaget om midlertidige ansettelser er igjen tilbake hos Arbeidslivslovutvalget. Vi får vente på innstillingen derfra før vi tar den helt store debatten.

Når proposisjonen blir fremmet fra Regjeringen, er det med en helt klar hensikt, å redusere arbeidsledigheten, få flere ut i arbeidslivet raskere og gjøre arbeidsmarkedet mer fleksibelt og bedre tilpasset bedriftenes behov. De grep som foreslås i proposisjonen, ville bidratt til å oppfylle disse målsettingene.

Tilbake til støynivået som alltid oppstår når saker som endrer tilvante regler eller rettigheter, blir lagt fram. Det hadde vært så enkelt hvis det bare var ett hensyn å ta – hensynet til den ansatte eller hensynet til den enkelte bedrift isolert sett. Politisk må imidlertid ulike hensyn balanseres mot hverandre, veies og måles før konklusjoner tas. I dette tilfellet fremmes forslag som skal spare offentlige kroner samt medvirke til å bevare og utvikle landets næringsliv, noe som igjen vil bevare velferdsstaten, redusere arbeidsledigheten og skape framtidige nye arbeidsplasser. Det blir for enkelt som Arbeiderpartiet og Sosialistisk Venstreparti ofte gjør, å stå helt og fullt på den ene partens side – jeg kunne vel like gjerne si LOs side.

Budsjettforhandlingene har ført til at arbeidsgiverperioden øker fra tre til ti arbeidsdager. Økningen vil bidra til å motvirke et uønsket høyt omfang av permitteringer, samtidig som man kan oppnå en ønsket reduksjon i trygdeutbetalingene. Dagens ordning med en arbeidsgiverperiode på tre dager velter for mye av bedriftens lønnskostnader over på det offentlige. Det er dessuten mye som tyder på at permitteringer brukes i for stor grad.

Det er imidlertid verdt å merke seg at heretter vil arbeidsgiverperioden falle helt bort dersom permittering skyldes brann, ulykker eller visse naturomstendigheter. Dette er nye momenter i proposisjonen.

Forslaget om midlertidige ansettelser er fremmet i proposisjonen for å gi bedriftene større fleksibilitet i forhold til å ta unna arbeidstopper, å kunne si ja til oppdrag i perioder hvor bedriftene har mye å gjøre og å være i stand til å øke arbeidsstyrken for en viss periode. Dette vil gjøre det lettere for arbeidstakere som står uten jobb og uten jobberfaring å komme inn på arbeidsmarkedet. Ikke minst vil det gi ungdom og innvandrere en god mulighet til å få innpass i arbeidslivet.

Erfaringer både fra Norge og fra andre land viser at midlertidige ansettelser letter inngangen til arbeidsmarkedet for nykommere og grupper med svak tilknytning til arbeidsmarkedet. En undersøkelse gjort av Fafo i 2002 viser at om lag 2/3 av de midlertidige ansatte var i jobb etter to år. Det er verdt å merke seg at regelverket vil bli mer likt det regelverket en lenge har hatt i staten.

Fra mange hold har det blitt etterlyst tiltak mot arbeidsledigheten. Forslaget om midlertidige ansettelser er nettopp et svar på dette. I en begynnende oppgangsfase i økonomien, som vi nå heldigvis ser klare tegn på, er en fleksibel adgang til midlertidig ansettelse spesielt viktig fordi det vil være en viss usikkerhet knyttet til de endrede konjunkturene.

Men dette var innholdet i proposisjonen. Midlertidige ansettelser er sendt tilbake til Arbeidslivslovutvalget, og den store debatten kommer vi nok tilbake til når utvalget har lagt fram sin innstilling.

**Presidenten:** Jeg går ut fra at representanten Holmberg vil ta opp et forslag?

**Kari Lise Holmberg (H):** Det gjør representanten – forslag nr. 1.

**Presidenten:** Da har representanten Kari Lise Holmberg tatt opp det forslaget hun refererte til.

**Per Sandberg (FrP):** Jeg må si meg veldig enig i de betraktningene som representanten Holmberg gav i sitt innlegg. Jeg føler likevel at det blir litt merkelig at representanten Holmberg nå faktisk står og kritiserer sin forlikspartner. Representanten Holmberg burde heller ha skrytt Arbeiderpartiet opp og ned, fordi de nå har blitt med på å svekke næringslivets muligheter framover gjennom å øke lønnsplikten. Det registrerer jeg at representanten Holmberg ikke gjør, men det er jo det som er det faktiske forhold. Jeg føler for å si at dette er en omkamp fra Regjeringen. Jeg skal ikke kritisere verken statsråd eller regjering fordi en ønsker omkamp, for det gjør vi alle en gang i blant, men dette er en sak som kommer tilbake gang på gang. Jeg vil også minne om at da den debatten pågikk – og det høye støynivået som representanten Holmberg gav uttrykk for – var statsråden raskt på banen og konkluderte med at økt lønnsplikt for næringslivet skulle kompenseres med bl.a. midlertidige ansettelser. Nå er det slik at denne regjeringen har forhandlet seg bort fra kompensasjon for næringslivet, dermed midlertidige ansettelser, men fortsatt øker lønnsplikten for næringslivet. Det harmonerer dårlig i forhold til det som ble sagt fra Regjeringen og statsråden på et tidligere tidspunkt.

Når det gjelder midlertidige ansettelser, har Fremskrittspartiet gitt uttrykk for at det er helt i tråd med de ønsker vi har om et fleksibelt arbeidsmarked. Men vi aksepterer selvfølgelig at forliket har gitt det resultat at saken sendes tilbake til utvalget, og det skal bli interessant å se hvordan forlikspartene forholder seg når utvalgets konklusjon kommer. Jeg har en liten magefølelse for at utvalget forhåpentligvis vil konkludere med at midlertidig ansettelse kanskje er fornuftig. Da skal det bli interessant å se om vi får dette til behandling i neste runde.

Det er klart at midlertidige ansettelser er et virkelig godt grep i det norske arbeidsmarkedet, i særdeleshet når vi ser hva som skal skje neste år, etter 1. mai, i forhold til utvidelsen av EU. Da tror jeg at dette vil bli presset igjennom av arbeidstakere fra andre land, og da må også norske arbeidstakere få mulighet til å benytte seg av det. Jeg synes også det er merkelig, som representanten Holmberg påpekte, at vi skal ha et skille i arbeidsmarkedet når det gjelder offentlig og privat sektor, og når det gjelder muligheten til å ha fleksibilitet i arbeidsmarkedet.

Til slutt vil jeg presisere at vi vil stemme mot innstillingens § 3 (1) første ledd. Jeg vil vise til hva vi gjorde da vi behandlet Ot.prp. nr. 5 for 2003-2004. For øvrig har jeg ikke noe mer å si i debatten, annet enn at jeg fremmer forslaget som ligger i innstillingen.

**Presidenten:** Representanten Per Sandberg har tatt opp det forslaget han refererte til.

**Karin Andersen (SV):** Først vil jeg ta opp SVs forslag i innstillingen.

Hensikten med forslagene, sier Regjeringen, er å bedre situasjonen på arbeidsmarkedet for bedriftene og for de ansatte. SV vurderer forslagene slik at de virker stikk motsatt for begge parter. SV velger å stå på bedriftenes side i denne saken, og vi mener at de endringene i permitteringsloven som Regjeringen forslo, var altfor sterke, og kom på – om mulig – det verste tidspunktet de kunne ha kommet på. SV har vært med på å stramme inn på disse reglene i situasjoner der hjulene har svingt mye fortere og det har gått mye bedre i norsk økonomi. I sommer og i høst strammet det seg til. Vi mistet svært mange arbeidsplasser, og veldig mange bedrifter hadde behov for å permittere over kortere eller lengre perioder. Det var derfor et ekstremt uheldig tidspunkt Regjeringen valgte å fremme dette forslaget på.

SV er derfor glad for at det har blitt et bedre forslag enn det det var i utgangspunktet, men vi mener fremdeles at flertallsforslaget legger en for stor belastning på bedriftene i en situasjon der de trenger å permittere. Det er veldig viktig at en del av de småbedriftene som Norge har, og som er veldig sårbare i en konkurransesituasjon, har mulighet til å permittere i perioder der ordretilgangen svinger, og at de dermed kan beholde den lokale kompetansen på stedet der den er, slik at den ikke blir brutt opp. Da ville nemlig disse bedriftene kunne bli lagt ned, de ville ikke ha noen mulighet til å gjenoppstå den dagen en ordre skulle komme inn, for da er arbeidskraften allerede borte. SV er innstilt på å ha et fleksibelt system som vi kan bruke til å hjelpe bedriftene i situasjoner hvor det er vanskelig, slik som nå.

Når det dreier seg om midlertidig ansatte, er vi svært fornøyd med at det forslaget nå har blitt sendt tilbake dit det hører hjemme, nemlig til Arbeidslivslovutvalget. SV er sterkt uenig i forslaget. Vi hører at Regjeringen argumenterer for at dette er til fordel for dem som står utenfor arbeidslivet, og vi mener at de tar feil i det. De arbeidsledige sjøl betakker seg jo veldig sterkt for å bli tatt til inntekt for et slikt forslag. Det er riktig at Fafo har påpekt at de aller fleste som har vært på midlertidig ansettelse, har fått arbeid, men det er jo fordi regelverket i dag er slik at det sikrer og forutsetter at de som er i slike arbeidsforhold, får fast ansettelse. Når man da har et regelverk som sikrer det, ja, da kan man ha en midlertidig ansettelse, og

så får de fleste fast jobb. Poenget med det er jo at fast jobb gir trygghet. Det gir f.eks. mulighet til å ta opp lån, som svært mange trenger for å skaffe seg en bolig, og det gir trygghet for inntekt. Vår påstand er at det blir ikke flere jobber av å ha større åpning for midlertidig ansatte – det blir bare flere som er midlertidig ansatt og derved har en større utrygghet i sin arbeidssituasjon enn det vi mener er riktig. Derfor er vi som sagt glad for at dette ikke blir gjennomført nå, slik som Regjeringen har satt seg fore, men vi hører jo at det er et flertall i denne salen som ser ut til å mene at dette er en riktig politikk. Vi vil derfor si at kampen om denne saken på langt nær er avblåst. Det blir en av de viktige sakene framover å få stoppet dette forslaget. Det er behov for et arbeidsliv som tar bedre vare på de ansatte, i stedet for et arbeidsliv som blir enda tøffere.

Så til slutt: Forslaget om kutt i dagpengene går SV også mot. Forslaget angriper rettighetene til dem som har de minste stillingene, og da antar man på en måte at de som har minst lønning, er de som trenger pengene minst når de blir ledige. Det mener SV er en total feilslutning, og vi går derfor mot forslaget slik det var framlagt fra Regjeringen.

**Presidenten:** Representanten Karin Andersen har tatt opp det forslaget hun refererte til.

**Anita Apelthun Sæle (KrF):** Det er svært mange arbeidstakarar som i løpet av eitt år vert permitterte i kortare eller lengre tid. Det er naturlegvis uheldig. I 2002 var det heile 29 000 som opplevde å vera utan arbeid, men framleis tilsette. Kven skal betala? Det er det som er spørsmålet. Er det fellesskapet, eller er det bedrifter som har ansvar for sine arbeidstakarar når dei framleis er tilsette? Eller er det slik at belastninga bør fordelast på ein rimeleg måte? Dersom arbeidsgjevarperioden er for kort, kan permittering verta for lett å ty til, og dersom han er for lang, fungerer han ikkje for dei verksemdene som treng arbeidskrafta, men som ikkje kan skaffa arbeid i enkelte periodar.

EØS-avtalen krev likebehandling av alle næringar. Skal nokre få dagpengar utover 26 veker, må alle få det. Det som vi diskuterer i dag, er innstillinga til Odelstinget. Ho er basert på forliket mellom Arbeidarpartiet og regjeringspartia, og då snakkar vi om ein lønnspliktperiode på ti dagar for arbeidsgjevar. Fram til 1. juli kan ein også utvida permitteringsordninga frå 26 til 42 veker. Er dette så urimeleg? Knappast. Opposisjonen seier dramatisk at dette er å velta kostnader over på næringslivet. Vel, dette næringslivet har berre i Hordaland – eg kan ta det – fått 800 mill. kr i skattelettar frå sentrumsregjeringa, og eg trur at dei føretrekkjer å styra unna, så langt som det er mogleg, ein del permitteringar og behalda meir av det dei tener. Med ti dagars lønnsplikt er det sannsynleg at få, eller kanskje ingen, vil gå inn og ut av permitteringar, iallfall – det vert færre som vert reservearbeidskraft på fellesskapets kostnad. For vi må hugsa at det skal betalast. I 2002 kosta permitteringar samfunnet vel 1 milliard kr.

Kristeleg Folkeparti vil understreka at permisjonar på grunn av ulukker eller naturkatastrofar ikkje vert belasta bedriftene.

Bedriftene har fått betydelege forbetringar i sine rammevilkår dei to siste åra. Skattelette, rentenedgang og lågare kronekurs gjer at mange er optimistar, og eg trur at ti dagars lønnsplikt ved permittering neppe er det som no vil sløkkja lyset.

Mange bedrifter er bekymra fordi dei heller ikkje no får høve til mellombels tilsetjing. Kristeleg Folkeparti trur at det kunne vore gunstig med ein lågare terskel for dei som slit med å koma inn på arbeidsmarknaden, og derfor fremjar Regjeringa eit slikt forslag. Vi har ein budsjettavtale med Arbeidarpartiet, og den inneber at dette spørsmålet no vert vurdert av Arbeidslivslovutvalet i ei heilskapleg innstilling. Det er OK.

Regjeringa sin politikk går ut på å få folk i arbeid. Ingen har godt av å gå ledig i årevis – ingen vert rik av det heller. Dette er ein siger for arbeidslinja.

**Magnhild Meltveit Kleppa (Sp)** (leiar for komiteen): Senterpartiet reagerte med undring då Regjeringa fremja forslaget om endringar i arbeidsmiljølova når det gjeld mellombels tilsetjing. Det einaste rette etter vår vurdering er at det utvalet som no ser på lovverket, altså Arbeidslivslovutvalet, held fram med sitt arbeid og vurderer òg dette spørsmålet, og vi er fornøgde med at den delen av saka går tilbake til Regjeringa.

Så til permitteringsreglane. Senterpartiet er djupt usamd i Regjeringa sine forslag til innstramming. Vi meiner det er viktig for ei bedrift å ha moglegheiter til å ta vare på kompetansen i ein vanskeleg fase. Det er òg viktig å gi dei arbeidstakarane det gjeld, økonomisk tryggleik. Vi er djupt usamde i at bedriftene skal ha større kostnader ved permittering i 2004 enn i 2003. Regjeringa sitt forslag var jo dramatisk, å gå frå tre til 30 dagar. Forliket har vorte noko betre, frå tre til ti dagar, men vi er usamde òg i det, og kjem til å stemma mot fleirtalet sitt forslag.

Arbeidarpartiet har jo ei viss fortid når det gjeld innstrammingar i permitteringsreglane. Eg finn grunn til å understreka at då regjeringa Stoltenberg i samband med budsjettet i 2002 la fram sitt forslag om å redusera perioden for dagpengar frå 52 til 26 veker, var det ei noko anna tid når det gjeld arbeidsløyse. Og då Bondevik II heldt fast ved dette forslaget, og komiteen samrøystes gav det sin støtte, var det med ei understreking av at Regjeringa skulle følgja utviklinga nøye og vurdera nærmare konsekvensane for ulike bransjar, og om nødvendig føreslå endringar i lova dersom endringane ville få store negative konsekvensar for arbeidstakarane, eller at arbeidsløysa skulle verta vesentleg større.

Vi finn det underleg at Regjeringa ikkje følgjer opp på dette punktet og ikkje synest å følgja utviklinga så nøye som Stortinget har bedt om. Det er faktisk Arbeidarpartiet, Framstegspartiet, SV og Senterpartiet, eit fleirtal her i Stortinget, som i runde etter runde har måtta gjennomføra nødvendige endringar i eit regelverk som Regjeringa uavlateleg er oppteken av å stramma inn. Det skjedde

fyrst i forhold til overgangsordninga, det skjedde òg i budsjettet for 2003, og det skjedde i revidert nasjonalbudsjett no i år.

Senterpartiet ynskjer å utvida permitteringsreglane slik at maksimalgrensa vert utvida frå 42 til 52 veker for bestemte næringar. Det er fordi vi meiner det skal takast omsyn til dei mange arbeidsfolka som risikerer permittering, det skal takast omsyn til dei mange lokalmiljøa som ynskjer å ta vare på folk som har ei spesiell utdanning eller erfaring, ved å sikra desse økonomisk basis i ein vanskeleg periode. Og eg vil seia: Lat oss læra av 1999. Då var det ein felles dugnad mellom kommunar, fylkeskommunar, bedrifter og Aetat som gjorde at m.a. verftsindustrien i ein svært vanskeleg periode fekk høve til å ta vare på sine tilsette. Det ville vera tragisk om nokre av dei skulle forsvinne no fordi Regjeringa ikkje følgjer nøye nok med på situasjonen.

Så vil eg seia til slutt at når det gjeld den innstramminga som skjer i dagpengeordninga, skjer ho i regi av ei regjering som i annan samanheng flaggar høgt ei fattigdomspakke som ho er veldig godt fornøgd med. Det er altså denne regjeringa som snører inn moglegheitene til dagpengar for dei som har mindre tilknyting til arbeidslivet, dei snører inn når det gjeld nedre inntektsgrense. Vi kjem òg til å stemma imot det. Vi ynskjer å ta vare på dagens regelverk, og det skulle gå fram av innstillinga på kva for punkt Senterpartiet stemmer imot det forslaget som ligg føre i dag.

**Presidenten:** Flere har ikkje bedt om ordet til sak nr. 2.

(Votering, se side 197)

Den reglementsmessige tid er snart omme. Presidenten vil foreslå at formiddagsmøtet fortsetter utover den reglementsmessige tid, kl. 15, til dagens kart er ferdigbehandlet.

– Det anses vedtatt.

### Sak nr. 3

*Innstilling fra kommunalkomiteen om lov om endringer i lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (ytelser under yrkesrettet attføring mv.)* (Innst. O. nr. 33 (2003-2004), jf. Ot.prp. nr. 13 (2003-2004))

**Presidenten:** Etter ønske fra kommunalkomiteen vil presidenten foreslå at taletiden blir begrenset til 5 minutter til hver gruppe og 5 minutter til statsråden.

Videre vil presidenten foreslå at det blir gitt anledning til fem replikker med svar etter innlegg fra medlemmer av Regjeringen innenfor den fordelte taletid.

Videre blir det foreslått at de som måtte tegne seg på talerlisten utover den fordelte taletid, får en taletid på inntil 3 minutter.

– Det anses vedtatt.

**Karin Andersen (SV)** (ordfører for saken): I Ot.prp. nr. 13 er det foreslått en rekke innstramninger i regelverket som gjelder dem som trenger yrkesrettet attføring. Det er et flertall i komiteen, bestående av regjeringspartiene og Arbeiderpartiet, som støtter forslagene. SV og Senterpartiet går imot endringene, og Fremskrittspartiet har verken i denne innstillingen eller i innstillingen til finanskomiteen, som de viser til, tilkjennegitt noe synspunkt. Jeg regner derfor med at de vil tilkjennegi sine synspunkter i debatten. Flertallet vil – regner jeg med – argumentere for sine synspunkter. Jeg skal nøye meg med å ta opp ett av dem, som behandles i en annen odelstingsproposisjon, nr. 10, men er nevnt her, og som dreier seg om samling av vedtaksmyndighet i saker om yrkesrettet attføring i Aetat. Komiteen er enig i at dette kan være hensiktsmessig, og slutter seg til det. Stortinget sluttet seg også til det under behandlingen av Ot.prp. nr. 10, men komiteen ber om at man får tilbake en oversikt over de ressurser som er nødvendig, både i trygdeetaten og i Aetat, for å ivareta det som er hensikten med en slik endring, nemlig at man skal sikre en raskere behandling av sakene. Det kan jo tenkes at en flytting utgjør en forskjell, men det må være ressurser og personale på plass, slik at dette faktisk slår ut i praksis.

Så til endringene: Det er 20 000 færre funksjonshemmede som deltar i arbeidslivet i år enn i fjor. Det blir altså færre av dem med problemer, som makter å stå i arbeid. Utstøtingen fra arbeidslivet øker, uføretrygdingen øker. Vi har inngått en avtale om inkluderende arbeidsliv. På tross av dette blir det flere og flere som ryker ut av arbeidslivet av helsemessige årsaker. Da sier Regjeringen at den ønsker å skreddersy og individrette tiltakene, men i praksis gjør den altså det stikk motsatte. Den lager flere regler, som gjør det vanskeligere for dem som er utenfor arbeidslivet, å gjøre seg nytte av de tiltakene som Aetat kan tilby. Dette gjelder flere områder. For eksempel foreslår Regjeringen i denne proposisjonen en varighetsbegrensning på skolegang som attføringstiltak. Alle undersøkelser viser at hvis en har en funksjonshemming eller yrkeshemming, er det som hjelper en, at en har en utdanning som er over gjennomsnittet. For man konkurrerer i hovedsak ikke med de ufaglærte, man konkurrerer i et arbeidsmarked med høyt kvalifiserte. Veldig mange av dem som er yrkeshemmede, trenger lengre skolegang for å komme seg i arbeid. Noen må jo også begynne ganske langt nede på utdanningsstigen sin. En slik begrensning som man legger nå, vil være en summarisk ordning som blir hemmende for mange av dem som trenger lengre skolegang. Det vil være hensiktsmessig hvis vi ønsker å få flere i arbeid, at vurderingen av om man trenger tre måneder eller fire år, bør ligge i Aetat og i det vedtaket som dreier seg om om man skal få attføring eller ikke.

Like ens fremmer Regjeringen forslag om heving av aldersgrensen for skolegang som attføring fra 22 til 26 år, med argumentasjonen om at alle som er under 26 år, bør gjøre slik andre gjør, og ta utgiftene sjøl. Ja, det er veldig mange som f.eks. ikke har fått grunnleggende, ordentlig, lese- og skriveopplæring i grunnskolen og videregående skole, fordi de har lese- og skrivevansker. Veldig mange av dem er på Aetat. Mange av dem er ungdommer. Dessverre sitter en del av dem også i fengsel.

Det er vanskelig å motivere disse ungdommene til å gå inn i et vanlig utdanningsløp. Men de kan kanskje greie det hvis de får det som yrkesrettet attføring.

SV mener at det er veldig kortsiktig innsparing å lage slike regler som nå bare skal gjøre unntak for de aller, aller mest funksjonshemmede. Vi mener at den vurderingen bør ligge i Aetat. Vi mener at Aetat skal få lov til å individrette og skreddersy tilbudene sine innenfor et vidt regelverk. Vi er overbevist om at det er det som vil bidra til at flere kommer i arbeid.

**Sigvald Oppebøen Hansen (A):** For kort tid sidan las eg i Sarpsborg Arbeiderblad om Runar Bjørnstad. Han ønskjer mest av alt å føle at han gjer nytte for seg, og ein fast jobb står veldig høgt på ønskelista hans. Men på grunn av at han sit i rullestol, får han ikkje vist kva han duger til. I staden blir han møtt med fordommar hos fleire arbeidsgjevarar.

Til avisa seier han:

«Funksjonshemmede stiller så langt bak i ledighetskøen som overhodet mulig. Jeg kjenner mange som går på uføretrygd, men som er motivert og ønsker å jobbe. Problemet er at de ikke får muligheten i arbeidslivet».

Så forklarer han vidare:

«Det betyr mye for meg å kunne stå opp hver dag, dra på jobb, utrette noe og ikke minst treffe andre mennesker. Jeg har vært mye hjemme, levd på uføretrygd. Det var aldri snakk om omskolering den gangen jeg ble skadet».

Dette seier mykje om behovet for å kunne gje eit tilbod som er samansett og fleksibelt til dei som er i Bjørnstads og liknande livssituasjon. Me må ha eit system som gjev folk moglegheit til å bruke sine evner og ikkje minst si arbeidsevne.

Det er i dag altfor mange som står utanfor arbeidsmarknaden. Det er det mange ulike grunnar til. Men det er eit faktum at me er i ferd med å nærme oss verdstoppen i talet på uføretrygda.

Auken i arbeidsløysa har vore dramatisk dei siste to åra. Men særleg ser ein at det er mange yrkeshemma som slit tungt i arbeidsmarknaden. Ved utgangen av november var det registrert 80 300 yrkeshemma ved Aetat. Dette er første gongen Aetat har registrert meir enn 80 000 yrkeshemma arbeidssøkjarar. Talet på yrkeshemma har auka med meir enn 25 000 i løpet av dei siste fire åra. I løpet av det siste året er det 20 000 færre funksjonshemma som deltek i arbeidslivet. Hittil i 2003 er det registrert ein auke på om lag 9 pst. samanlikna med 2002. Det tilseier at det må til ein langt kraftigare innsats for å få fleire hender i arbeid.

Arbeidarpartiet vil ha eit meir inkluderande arbeidsliv, der det er rom for alle. Det er god arbeidsmarknadspolitikk, god familiepolitikk, god helsepolitikk og ikkje minst god sosialpolitikk. Arbeidarpartiet vil ha eit mindre stressande, eit varmare og eit friskare arbeidsliv.

Derfor vil me ha ein langt meir offensiv politikk for å få folk i arbeid og for å byggje opp kompetanse hos dei som er arbeidslause. Særleg gjeld dette for dei som er funksjonshemma.

Arbeidarpartiet er kritisk til utsegner der det blir hevda at låg stønad vil medverke til at fleire får seg arbeid når dette er mogleg, framfor å søkje om trygd.

Det skal ikkje vere slik at ytingane skal vere så små som mogleg, slik at økonomisk fattigdom tvingar folk ut i dårleg betalte og usikre jobbar. Det er ikkje ei utvikling som gjev ein betre arbeidsmarknad for usette grupper. Dette er det same prinsippet som Regjeringa la til grunn for å redusere dagpengeytingane. Det er me sterkt kritiske til. Å presse menneske til å arbeide i ein periode der dei ikkje burde jobbe, kan derimot føre til at fleire mislykkast og hamnar i varig uføretrygd, altså det stikk motsette av kva som er føremålet.

Arbeidarpartiet er positivt til at vedtak om attføring blir flytta til Aetat frå 1. juli 2004. I dag vurderer trygdeetaten om behovet for yrkesretta attføring er til stades, mens Aetat er ansvarleg for å utforme sjølve attføringsopplegget.

Arbeidarpartiet meiner at intensjonen med endringa er god. Tilbodet som blir gjeve, må bli meir skreddarsydd og tilpassa den enkelte sine behov og moglegheiter. Dette tilseier behov for større fleksibilitet i handteringa av regelverket for lengda på og innhaldet i ein attføringsprosess. Derfor støttar Arbeidarpartiet denne endringa.

Me vil understreke at det er viktig at personalmessige og økonomiske ressursar er på plass så fort som mogleg, slik at dette kan lykkast. Det er av stor verdi at kartlegginga av ressursmessige endringar i Aetat og trygdeetaten som Regjeringa varslar, blir gjort raskt, og at Regjeringa melder endra behov tilbake til Stortinget i revidert nasjonalbudsjett 2004.

Som ei følgje av budsjettforliket vil Arbeidarpartiet stemme for endringar av regelverket som vil vere ei innstramming i forhold til dagens praksis. Dei endringane som no blir gjennomførde, må bli underlagde grundig vurdering. Me kjem til å følgje utviklinga og utslaga veldig nøye i framtida.

**Hans Kristian Hogsnes (H):** Fra Høyres side er det viktig å understreke at denne proposisjonen viser til at det er et mål at flest mulig skal få delta i arbeidslivet fremfor å være passive trygdemottakere. Det er god dokumentasjon for å hevde at jo lengre tid man er ute av arbeidslivet, desto vanskeligere er det å komme tilbake. Den samlede trygdeperioden for personer som står i fare for å falle ut av arbeidslivet, bør kortes ned.

Høyre er tilfreds med at Regjeringens politikk, også historisk sett, har brukt kort tid på å angripe hovedårsakene til stigende ledighet. Økningen i arbeidsledigheten har sitt utspring i den svake internasjonale konjunkturen og den særnorske hovedutfordringen de senere årene som følge av dyre lønnsoppgjør, høy rente og sterk kronekurs. Vi har merket oss at det nå er en gryende optimisme i næringslivet, og at de siste tallene fra Statistisk sentralbyrå allerede nå viser en nedgang i arbeidsledigheten. Likevel er det verdt å merke seg at det i løpet av de siste årene har vært en betydelig økning i antall personer som mottar attføringsytelser. Utgiftene til attføringsytelser har relativt sett økt sterkere enn antall yrkeshem-

mede. Det er litt av bakgrunnen for de forslag som i denne saken fremmes som endringer i folketrygdlovens kap. 11 og 21. Forslagene innebærer at aldersgrensen for å få skolegang som attføringstiltak heves fra 22 år til 26 år. Det innføres varighetsbegrensning på tre år på skolegang som attføringstiltak. Retten til enkelte stønader for yrkeshemmede som har ordinær lønn eller lønn under sykdom, begrenses. Dessuten blir vedtaksmyndigheten når det gjelder innvilgelse av attføring i henhold til folketrygdloven, flyttet fra trygdeetaten til Aetat.

Det er grunn til å understreke at samlet sett vil forslagene som fremmes i denne proposisjonen, motvirke at ordinær utdanning finansieres ved folketrygdens midler, og øke incentivene for rask overgang til arbeid. Disse tiltakene er også en del av budsjettavtalen mellom regjeringspartiene og Arbeiderpartiet, og fra Høyres side er vi glad for at det i denne saken foreligger en anbefaling fra et solid flertall i kommunalkomiteen til Odelstinget om å vedta de foreslåtte lovendringer.

